

**JORDVERN**

# Kampen om Jæren

**Konfliktfylt og manglande dialog, var av skildringane av debattane kring jordvern. Randberg Bondelag og Randberg Venstre inviterte til jordvernmøte på Tungenes fyr i Randberg kommune.**

✚ Jane Brit Sande

- Det finns knapt ein stein på Jæren som ikkje har minst tre aktørar som alle krev eigarskap til, sa Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB), på jordvernmøtet på Randberg.

- Så konfliktfylt og vanskeleg er det, og då må me snakka meir saman enn me har gjort til no, haldt han fram.

Utfordringar med den langsiktige arealgrensa i Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren (vedtatt i Fylkestinget 10. oktober 2000 og godkjent i kongelig resolusjon 4. mai 2001) var tema for møtet på Randberg. Dei ti kommunane som utgjer Jær-regionen (Strand, Rennesøy, Randberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Klepp, Time, Gjesdal, og Hå) møter store utfordringar med utbyggingspress.

**Kampen om arealet**

Lønning viste til at kampen om arealet i Jær-regionen er delt i to; tradisjonelt produksjonslandskap, med det viktigaste produksjonsarealet i Norge, og framveksten av eit urbant opplæringslandskap.

- Me må bygga hus. Befolkninga veks, den eksploderer, så me treng masse hus. I tillegg er dette arealet det mest brukte friluftsområdet i landet. 500.000 menneskje bruker dette arealet til å gå på tur, og andre typar friluftaktivitetar, sa Lønning.

- På toppen av det heile kjem store verneområder og verneverdiar, både når det gjeld natur, og når det gjeld kulturminne. Alt dette skal ha plass på det same arealet.



- Befolkninga eksploderer, sa Dag Jørund Lønning under jordvernmøtet på Randberg.

**Den manglande dialogen**

- Jordbruk og matproduksjon blir oppfatta som svært, svært viktig i heile landet, sa Lønning, og viste til spørjeundersøkingar både på nasjonalt og regionalt nivå. Landskapet har tre ulike brukargrupper; bønder, politikarar (frå kommunane i Jær-regionen), og natur/idrett/friluftsliv.

- Det er mykje einsemd om kva som er viktig bruk av landskapet, med unntak av nokre få område. Eit stort fleirtal er einsemd i at nedbygginga av norsk jordbruksareal må stoppast, viste han til. Spørjeundersøkingane er brukt for å finna kvar det er eit spesielt behov for å oppretta dialog.

- Regionen veks, og det kjem fleire og fleire tilflyttarar som ikkje har direkte tilknytning til landskapet her. Kva gjer det med haldningar, og måten ein brukar landskapet på, spurte han.

I sine undersøkingar såg Lønning at dei forskjellige aktørane i konfliktane ikkje hadde ein felles arena for dialog.

- Me snakkar meir og meir med våre egne, og mindre og mindre saman, påpeika han. Dei forskjellige aktørane blei inndelt i sektorar, der dei utviklar egne målsettingar, eget

språk, egne ekspertar, egne arenaer, og egne indikatorar for kva som er vellukka.

- Når dette kjem i gong, blir det ein slags sjølvforsterkande prosess. Når dei startar og snakke først og fremst til egne, når ting skjer innanfor sektoren, vil synet ein dannar av dei andre aktørane vere eit produkt av at ein fyrst og fremst snakkar med sine egne, sa Lønning og viste til at det er slik stereotypiar og misforståingar oppstår, og konfliktane blir forsterka.

- Me får ei vertikaliserings av samfunnet; sektor etter sektor står ved sida av kvarandre, i staden for å snakka saman, sa Lønning.

- Denne situasjonen er i stor grad den me finn, når me snakkar om "kampen om Jæren", slo han fast.

- Når samfunnet blir vertikalisert, blir ein ekspert på det eigen sektor handlar om. Ein blir opptatt av forskjellane og det som splittar. Det som er til felles, det forsvinn, haldt han fram. Han oppmoda til å søke saman for å sjå om det mogleg å skapa nokon nye visjonar, målsettingar, idear, saman - med felles eigarskap.

**Kompromissa**

Odd Arild Kvaløy, tidlegare fylkesordfører i Rogaland, var sjølv med då den langsiktige arealplanen blei laga.

- Det har alltid vore konfliktar knyta til areal, sa han. - Det er slik, i den politiske verda, at å vinna fram

med sitt politiske syn er overmåteleg. Det ligg i heile sitt politiske vesen at det dreier seg om konflikt. Det dreier seg om å prøva meiningar mot ein annan, å prøva å vinna fram for sitt syn. Skal ein løysa ting, må ein finna fram til kompromissar og løysningar som alle kan akseptera. Desse kompromissa er stort sett ei fordeling av misnøye.

Jordvern var ein kampsak i hovudsak drevet fram av bønder og dei med tilknytning til primærnæringane.

- Dei vant enkelte slag, men dei hadde på mange måtar taapt krigen, påpeika han.

- Det blei etablert ein god dialog, som fekk på plass ein langsiktig plan, som var slik at alle var passe misfornøgde, sa han om den langsiktige arealplanen for framtidig byutvikling. I jordbruks- og jordvernkretsar var mange svært kritiske til planen. I utbyggingskretsane var det òg betydeleg misnøye. Politikarar kalla planen udemokratisk.

- Planen gjeld framleis. Dette er fordi alle følte dei eigde litt av planen. Viss du ikkje har kjensle av eigarskap, kan du vere brennsikker på at det ryk, slo Kvaløy fast. Han meiner den store utfordringa i dag er å trekke med seg alle på ein slik måte at alle føler dei har eigarskap.

- Eg meiner utfordringane i dag er formidable, sa Kvaløy. - Ein del av denne konsensus som me greidde få til med den langsiktige arealplanen,



- Det har alltid vore konfliktar knyta til areal, sa Odd Arild Kvaløy, tidlegare fylkesordfører i Rogaland.

dette felles eigarskapet, eg er ikkje like trygg på det i dag, som eg var den gong. Uansett korleis ein snur og vender på dette; me lev i eit ope, gjennomsiktig folkestyre, eit demokratisk system, då er det politiske prosessar som til slutt bestemmer. Det er det politiske organ som avgjer, når alt kjem til alt, sa Odd Arild Kvaløy.

I debatten deltok lokale politikarar: Thor Geir Harestad (Randberg Venstre), Kristine Enger (Randberg Arbeiderparti), Jarle Bø (Randberg Senterparti), Tone Tvedt Nybø (Randberg Kristelig Folkeparti), Anita Egeli (Randberg Fremskrittsparti), med kommentarar og spørsmål frå dei framømte.

**Sagt på møtet:**

Jordvernet er ein samfunnsak  
 Dagfinn Hatløy, seniorrådgjevar,  
 Fylkesmannen i Rogaland

Viss jordvern er målet der framme, må me ta vegen slik den kjem; den er ikkje føreseieleg, og me må løyse ting undervegs.  
 Kristine Enger, AP

Me bruker langt mindre jordbruksareal i dag, enn me gjorde tidlegare, for å bygge bustadar.  
 Tone Tvedt Nybø, KrF, om utbygging i  
 Randberg kommune

Heile Jæren er eigd av opsjonar.  
 Jarle Bø, SP

Jordvern er viktigare enn bønder.  
 Thor Geir Harestad, Venstre

Klart me skal byggja bustadar, regionen veks, det handlar om måten me forvaltar arealet.  
 Jarle Bø, SP

Folketalet i Rennesøy er auka med førti prosent på ti år. Me tar eit regionalt ansvar her, og me kan ikkje veksa meir enn det me gjer.  
 Dagny Sunnanå Hausken, ordfører i  
 Rennesøy kommune.

Me må ha ein visjon for landbruket vårt, og kommunen må vere ein aktiv pådrivar her.  
 Kristine Enger, AP

Som innflyttar er det litt surrealistisk å sitte her og høyre at befolkningsvekst er eit problem.  
 Morten Langøy

Me må halde ei høg fane for mattryggleiken.  
 Kristine Enger, AP

Me har ikkje arealmangel i vår region, me har ein arealkonflikt.  
 Odd Arild Kvaløy, tidlegare fylkesordfører i  
 Rogaland

Ein av dei største truslane for utbygging utover dei grensene som er sett, det er desse totalt øydeleggande opsjonsavtalenene som er skrevet.  
 Odd Arild Kvaløy, tidlegare fylkesordfører i  
 Rogaland

Me har ikkje høyrte frå Oslo at jordvern ikkje er av nasjonal interesse.  
 Dagfinn Hatløy, seniorrådgjevar,  
 Fylkesmannen i Rogaland